

Nettmøte produksjonstilskot 5. desember



Statsforvaltaren i Vestland



Eksempel på ei sak der to føretak har søkt på same areal. Føretak A eig arealet og har tatt 1. slått. Undervegs i vekstsesongen har ho sett at ho ikkje får tatt 2. slåtten sjølv. Ho har spurt ein annan bonde (føretak B) om han er interessert i å ta 2. slåtten for henne mot at han får føret. Det er ikkje gjort skriftleg avtale og ikkje sendt faktura verken for utført arbeid med slått eller for kjøp av fôr. Det føreligg ikkje leigeavtale. Føretak A har nyleg kjøpt garden og søker tilskot for første gong i år. Føretak B har ikkje søkt på arealet tidlegare.

Spørsmål:

- 1) Kven skal få tilskotet?
- 2) Kva er rimelig avkorting for det føretaket som då ikkje får tilskotet? Det er tale om 33 daa fulldyrka/ overflatedyrka som er feil oppført, som betyr drøyt 20 000 i meirutbetalung om feilen ikkje hadde vorte oppdaga.



Fleire føretak fører opp fulldyrka og overflatedyrka areal som innmarksbeite fordi det har vore brukt som beite. Korleis skal ein handtere ei slik sak?

På "areal – eiendommer" har søkjar ført opp alt arealet på eigedommen sin, 8 daa fulldyrka og 6 daa innmarksbeite. Når han kjem til "areal – vekster" fører han opp alt arealet som han har sett på «totalt disponert areal» (14 daa) som innmarksbeite fordi alt har vore brukt som beite. Det riktige ville ha vore at han hadde sett opp 8 daa fulldyrka og 6 daa innmarksbeite. Viss vi rettar dette vil han få meir i tilskot. Skal vi berre la det stå slik han har skrive det og skrive ein kommentar på det?



Arealfeil der det ikkje er samsvar mellom "areal – eiendommer" og "areal – vekster".

Søkjar har gjort endring på "areal – eiendommer", men når det kjem til "areal – vekster" er det ført på det same som i fjar. Det er ikkje samsvar mellom "areal – eiendommer" og "areal – vekster".

Totalen med fulldyrka og overflatedyrka er uansett 8 daa, så det har ikkje betydning for tilskotet. Skal vi gjere noko endring på dette eller berre la tala stå?

| | Fulldyrka | Overflatedyrka | Innmarksbeite |
|------------------|-----------|----------------|---------------|
| Areal eiendommer | 5 | 3 | 10 |
| Areal vekster | 3 | 5 | 10 |



I kommunen vår søker mange føretak tilskot til dyr på utmarksbeite for dyr som går i utmark nær heimegarden. Det er eit vilkår at dyra har minst 50% grovfôropptak på utmarksbeite og det følgjer då at dyretal må vere tilpassa arealet. Kva vurderingar gjer kommunane ved sakshandsaming, til dømes viss det ser ut som dei har lite utmarksareal på dei eigedommane dei har ført opp på søknaden i høve til dyretal. Eventuelt kva kan vi krevje av dokumentasjon dersom vi skal kontrollere ordninga "dyr på utmarksbeite"?



Areal i drift. Mange trur at det er nok å ha ein leigeavtale for å søkje om arealtilskot og er ikkje klar over at kravet er at dei må ha drive arealet aktivt.
Korleis følgjer kommunane opp dette?



Eit føretak har eit driftsopplegg der dei berre set på søyene annakvart år. Dei flytta besetning til ein av våre kommunar i 2022 og meldte då at dei skulle bygge opp besetning. Dei opplyser at driftsopplegget var godkjent i kommunen dei kom frå.

Er grunnvilkåret for vanleg jordbruksproduksjon oppfylt i dei åra dei ikkje set på sauene?



To forskjellige føretak - to forskjellige sauerasar – begge leverer lam langt under gjennomsnittleg slaktevekt for rasen og 60-70% av dei innsendte lamma er i P+, P, P-. Det eine føretaket har fått fleire varslar dei siste åra, men hadde positive resultat i fjor. Det andre føretaket slit med innvollsparasittar og har gjort det dei siste åra og har hatt nedgåande trend på slakteresultatet, trass i tiltak med medisinering.

Korleis handsame desse?



Har både sauер som leverer slakt og geiter som ikkje leverer slakt. Kva tilskot skal geitene få?



To føretak søker på det same arealet, ingen vil trekke søknaden. Begge hevdar dei har hatt beitedyr der. Korleis gå fram her?